

Framdrift

Den originale målsetjinga var at boka skulle komma ut hausten 2005. Det omfattande nyoppdaga kjeldetilfanget har ført til at bokproduksjonen har teke lengre tid enn opphavleg tenkt. Undervegs har forfattar og Oselvarklubbens bokkomité hatt møte kvar veke for å gå gjennom status og planleggja vidare framdrift. Det som står att er å få på plass restfinansiering og slutføring av manuskorrektur.



Boka vert gitt ut av Oselvarklubben og Bodoni Forlag

Interessert?

På www.oselvarbok.no kan du førehandstinga boka.

Tips eller spørsmål?

Kontakt leiar i bokkomiteen:

Finn Totland


Edvard Griegsvei 12

5039 Bergen

93 89 22 73 (m)


55 29 68 51 (p)

finn.totland@helse-bergen.no



BOK OM OSELVAREN

Oselvar er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland. Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år. Oselvaren har tradisjonelt vore nytta som bruksbåt og til kapproing og kappsegling sidan langt attende på 1800-talet.




Boka skal snart gå i trykken og vert den fyrste samla framstillinga som femner om dei mange spanande sidene av saga til Norges Nasjonalbåt. Boka vil presentera eit variert historisk og teknisk materiale i populærvitenskapleg form, mykje av dette har ikkje tidlegare vore publisert. Vidare vil boka innehalda folkloristisk stoff med eit stort persongalleri, som vil spegla eit bilete av kyst-, idretts- og folkekulturen i Hordaland gjennom fleire århundrer. Fokuset vert likevel ikkje berre bakover, men òg framover i tid, sidan ein del av boka vil gje praktiske råd til nye båtbrukarar.

www.oselvarbok.no

Kva slags bok?

Boka vil innehalda både tekst, tabellar, kart, figurar og illustrasjonar i form av teikningar og fotografi. Ho vert skriven på eit moderne nynorsk, men det er eit mål å bruka mest mogleg av både gammal og ny terminologi knytt til Oselvaren for å vidareføra dette. Boka vil òg sitera skriftlege kjelder i si opphavlege målform og bruka dialekt i skriven form, slik at lokale ord og vendingar får den naudsynte salte sjøsmaken. Den grafiske utforminga vil gje høve til bruk av frittstående tekstboksar, desse vil fungera som ein fri arena ved sida av hovudteksten og innehalda krydder i form av gode historier, eksemplifisering og fagleg fordjupning.

Boka vert produsert i eit større format med minst A4 storleik med stiv innbinding med preg på front og rygg, om lag 400 sider med fullfargestrykk og høg kvalitet på både papir og trykking. Det er inngått avtale med Bodoni Forlag om grafisk utforming og trykking. Utgjevar av boka vert Oselvarklubben, nasjonal klasseklubb for Oselvaren brukt som regattabåt, i samarbeid med Bodoni Forlag. Boksal vil skje via bokhandlarar, internett, lokale butikkar, museum og, alt etter etterspørselen, til andre landsdelar og utlandet. Det er alt førehandstinga meir enn 350 bøker, noko som kan gjerast på www.oselvarbok.no




Forfattaren

Kjell Magnus Økland (f. 1977) er utdanna cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitskap, historie og mediefag. Han har arbeidd som journalist og historikar. Kjell Magnus er oppvaksen med kappsegling med Oselvar, har sete i styre og stell kring Oselvaren sidan 1990 og i Oselvarklubbens styre sidan 1998. Du finn meir informasjon om han på www.kjellmag.no

Innhaldet i boka

- Del I: Tradisjonell bruk: historisk utvikling, båtbyggjarane, i skog og på saga, bygging, tilfar, båtbrukarane, fiske, frakt og forlis.
- Del II: Moderne bruk: organisert kappsegling sidan 1871, Oselvaren og andre verdskrigen, organisert kapproing sidan 1847, arbeidet for å ta vare på båttypen og inspirasjonskjelda Oselvar.
- Del III: Bruksrettleiing - bruk og stell av båten: roing, rigging, tursegling, kappsegling, reparasjonar, smørjing, transport og lagring.
- Del IV: Oppslagsverk: styreverv, resultatstatistikk, medaljevinnarar, tidslinjer, sluttnotar, ordliste, illustrasjonsliste, kjeldeliste og register.



Mykje ukjent kjeldetilfang

Arbeidet med boka starta for alvor i 2004 og ein var på førehand klar over at det fanst mykje kjeldemateriale om Oselvaren. Undervegs har det kome fram svært store mengder ukjent stoff som ingen har vore klar over. Til saman kastar dette nytt lys over dei fleste sider av saga til Oselvaren. At dette omfangsrike kjeldetilfanget no er samla og systematisert vert eit viktig resultat av bokprosjektet. Etter at boka er publisert vil Oselvarklubben gjera materialet tilgjengeleg i ein offentleg arkivinstitusjon.